

Notat om vern og verneverdiar - sjukehusparken



**Førde Sentralsjukehus
Parken mot Vie**

Forord

Delar av parkanlegget ved Førde Sentralsjukehus har saman med delar av bygningen fått vernestatus i medhald av kulturminnelova (vernekasse 1).

Dette notatet er tenkt å gje ei oversikt over den historiske utviklinga og litt om dagens situasjon. Det er å håpe at informasjon om verdien anlegget representerer gir innblikk i nokre av kvalitetane anlegget har for innbyggjarane frå heile fylket, og ikkje minst erkjenne at dette har innverknad på korleis vi planlegg og skjøttar dette i plansamanheng.

Dette vesle heftet kan sjåast som grunnlagsinformasjon for kvifor sjukehusparken har det sterkaste vernet etter kulturminnelova (vernekasse 1).

Førde kommune ønskjer å ta over 1400 m² av parken til gang og sykkelveg, og dette er å betrakte som eit omfattande inngrep i eit kulturminne område.

Helse Førde ønskjer etablert eit alternativ som gir god passasje for gåande og syklande gjennom ein fortlausløysing. Dette vil gi eit inngrep i parken på maks 400 m², og berre 50 meter der eksisterande vegbane blir påverka. Dette alternativet, vil etter alt å dømme også bli rimelegaste alternativet.

Løysing med fortau vil møte alle omsyn best: Anerkjenne verdiane som ligg i parken, dei gåande og syklande får 2,5 meter vegbreidde over dette strekket på 200 meter og Førde pakka/ innbyggjarane får reduserte kostnader.




Over: Illustrert løysing med fortau mot parken.

Førde 21.4.2017
Jon Bolstad
adm.direktør

Vern

Omfang av fredning



Figur 1: Vernet omfattar utomhusanlegga sin hage og parkanlegg med areal, terreng, strukturar og grøntområde, hovudelement som vegar, gangstiar, dekke, belegg, skogholt, vegetasjon og annan grønstruktur samt konstruksjonar som gjerde, portar, murar, benkar, belysning, skulpturar, kunstnarisk utsmykking, dammar, basseng, bruar og trapper med detaljar, materialbruk og overflater.

Fredinga omfattar utomhusanlegga sin hage og parkanlegg med areal, terreng, strukturar og grøntområde, hovudelement som vegar, gangstiar, dekke, belegg, skogholt, vegetasjon og annan grønstruktur samt konstruksjonar som gjerde, portar, murar, benkar, belysning, skulpturar, kunstnarisk utsmykking, dammar, basseng, bruar og trapper med detaljar, materialbruk og overflater.

Historisk utvikling

Sjukehuset og parken er lagt på dyrka mark på Vie. Det vart fjerna fem bygg frå gnr. 43 for å gje plass til sjukehuset og parken, samt løa til gnr/bnr 43/11 (Hundvebakkegarden) vest for høgblokka.

Leiv Vie som var eigar av gnr/bnr 43/21 og tunet som måtte fjernast langs «Nyevegen», har fortalt om den historiske utviklinga til denne garden. Han informerte om at Viegarden først låg som eit klyngetur av seks-sju ulike bruk lenger inne på Vie. Tunet som låg langs «Nyevegen» frå 1912-1976 har vore på vandring frå «Storetunet» (1846-1872) til Liabakken (1872-1912). Ved utskifting i 1912 vart tunet flytt til ein skogsteig ved «Nyevegen».

Ved oppdyrkning av denne marka møtte ein store utfordringar ned mot elva som stadig endra løp og fløynde over. Far til Leiv Vie bygde kistegrøfter ca. 1944 for å leie vatnet. Når Leiv Vie overtok bruket i 1958, starta han eit omfattande grøftingsarbeid for å få kontroll på vatnet på dyrkamarka langs elva. Delar av dei gamle kisteveitene som ligg ved dagens damanlegg vart ved renovering lagt over i 4" rør. Desse røra ligg truleg i

Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukhus

Helse Førde HF

grunnen i trasè som rundar nordleg hjørne av dagens sjukehusbygg. Tunet til Leiv Vie vart rive i 1976, og han bygde opp nye bygningar på Svanehaug på vestsida av sjukehuset.



Figur 2: Skråfoto frå ca 1962 viser Hundvebakkegarden t.v og Viegarden t.h. (kjelde: Leiv Vie).



Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukehus

Helse Førde HF

Figur 3: Skråfoto frå ca 1962 viser tunet som låg ved «Nyevegen» (kjelde: Leiv Vie).



Figur 3: Biletet viser situasjon før parkanlegget vart etablert. Sjukehuset vart bygd på dyrka mark. T.v i biletet ser vi den gamle Viegarden som vart riven og erstatta av sjukehuspark.

Det einaste som er teke vare på av det opphavlege i parken er ei gammal furu og to epletre (ca. 65 år gamle). Tunet låg på ein haug der topografien er i behald. Delar av dei gamle kisteveitene ligg i grunnen framleis.

*Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukehus
Helse Førde HF*




Figur 4: Dei gamle epletrea frå det opphavlege tunet (ca. 65 år gamle).



Frå 2016 og etter restaureringsarbeidet av gangsoner lys / betongbenkar.

*Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukhus
Helse Førde HF*



Figur 5: Markering av det historiske laget før sjukehusutbygginga. Gult markerer bygningar som vart fjerna, den gamle vegen, oransj-restar av kistegrøft og grønt-tre som framleis står i anlegget.



Figur 6: Den gamle furua er teken vare på frå opphavleg gardstun (ca 55 år gammal).

*Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukehus
Helse Førde HF*

Landskapsplanen og parkskildringa frå 1976-1979



Figur 7: Plan for utomhusanlegget ved Førde Sentralsjukehus (teikna av landskapsarkitekt Arne Olav Moen 1976).

Parken er teikna av landskapsarkitekt Arne Olav Moen og inneholdt ein del formelement etter inspirasjon frå engelske landskapsparkar. Meandrerande stiar leier dei besøkande gjennom ulike rom med ulike landskapsopplevingar undervegs, vekslande mellom opne parti og tettare skog. Karakteristisk er også eit damanlegg og ornamental utforming av «Rehabiliteringsrommet».



Figur 8: Bilete frå den nyetablerte parken i 1979, damanlegget i front.

Landskapsarkitekten og intensjonen bak

Nordplan har innhenta opplysningar frå Arne Olav Moen for å synleggjere intensjonen bak landskapsplanen: «Intensjonen bak utforminga lå i oppdragsgiver og byggekomiteens høye ambisjoner om at utomhusanlegget skulle være en integrert del av sykehusets virksomhet for pasientene, de ansatte og de besøkende. At samfunnsmedisinsk avdeling kom med i programmet øket fokuset på behandlingsbehov ute og inne.

Byggekomiteens høye ambisjoner inspirerte oss planleggjere til å bidra med det vi hadde av kunnskap. Engelsk landskapspark var et forbilde for formgivingen på 1950 og 1960-tallet. Og for plantevalg og sammenstilling av trær og busker. Da jeg var leder av NLA ble det utviklet et fellesdokument for oss, anleggsgartnerne og planteskoleeierne som het ”Planlegg, plant og plei” etter mønster fra Danmark. Holdninger fra dette dokumentet finner du igjen i tema ammeplanting, i plantelistene og i kontraktsdyrkning av alle trær og busker spesielt for anlegget for å oppnå god kvalitet og plantemateriale som skulle tåle klimaet i Førde. Dessuten hadde Brødrene Aaberge og Systrand Gartneri tre års pleie av busker og trær etter utplanting».

Utifrå korrespondansar mellom Institutt for dendrologi og planteskuledrift ved Norges Landbrukskole, landskapsarkitekt og Åberge Planteskule i 1976-78, har det vore eit omfattande samarbeid når det gjeld planteval.

Det vart prøvd ut ein del forsøksplantar levert frå Landbrukskulen på Ås, m.a. sambucus nigra (svarthyll). Ifølgje tidlegare fylkesgartnar Haltvik er historia bak førekomenst av sibirske epletre i sjukehusparken interessant. På 60-talet fekk Gerhardsen som gav frå Khrustsjov ei heilt skipslast med sibirske epletre. Nokre av epletrea hamna på Norges landbrukskole på Ås. Åberge planteskule fekk tak i pode-materiale frå desse epletrea som sidan er planta ut i sjukehusparken i Førde.

Vernevurdering



Figur 9: Skråfoto av nyetablert anlegg i 1979 (Foto: Reiakkvam).

Verneverdi

Grøntanlegget ved sjukehuset er planlagt som ein heilskap saman med sjukehusbyggeriet. Det består av dammar, bru, skulptur, tre og busker; uformelt tilrettelagde stiar og vegetasjon dannar uregelmessige dråpeforma labyrintar. Utelysa sit i armaturar i låge rettvinkla betongkonsollar som også fungerer som benkar. Parken ligg på begge sider av tilkomstvegen inn til sjukehuset. Vegen dannar også forbindelsesaksje til sjukepleiareskulen i nord og har lysmaster. På sjukehussida er parkanlegget avgrensa med hekk. Variantar av motiva med labrint og vassspegel vert teke att i ein mindre hage på utsida av vestibylen i første etasje.


Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukhus Helse Førde HF

Formål med vernet

Formålet med fredninga ifølgje landsverneplanen (LVP) er å ta vare på det heilskaplege og planmessige opparbeidde grøntanlegget ved Førde sentralsjukhus. Fredinga skal sikre sjukehuset sitt opphavlege grøntanlegg. Det er vidare eit mål at park- og hageanlegget skal takast vare på og forvaltast som ein heilskap, og at den visuelle og funksjonelle samanhengen mellom sjukehuset og uteområdet skal oppretthaldast.

Tiltak

Hovudregel for handsaming av freda uteområder er at det må søkjast om løyve for alle tiltak som går ut over vanleg vedlikehald. Det er utarbeidd ein eigen «Tilstandsvurdering og tiltaksplan for verna uteområde Førde Sentralsjukhus» (30.12.2013). Intensjonen frå landskapsarkitekten då parken vart etablert på 70-talet, var eit tett samarbeid med anleggsgartnarar og planteleverandørar. Tida har vist at ein park er avhengig av kontinuerleg skjøtsel og ikkje minst eit drifts- og vedlikehaldsbudsjet. Parken var i ei svært dårlig forfatning i mange år. Det har kravd eit omfattande arbeid i seinare tid å løfte tilstanden opp på eit nivå som kan vere presentabel for eit freda uteområdsanlegg.



Figur 10: Områdeinndeling av Sjukehusparken

Det freda parkområdet er i delt inn i følgjande delområde:

Delområde A og B: Skogsfelt og eng

Delområde C: Damsellegg

Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukhus

Helse Førde HF

Delområde D: «Rehabiliteringsrommet»

Delområde E: Forplass til hovudinngangen

Delområde F: Japansk hage på utsida av vestibyle

Det må etablerast eit meir varig skjermingsbelte mot Vievegen. Eit skjermingsbelte med grupper av hassel, hagtorn og andre mellomstore tre, kan ligge nær den intensjonen som låg i opphavleg plantoplan. Fleire av trea som var tenkt som eit varig vegetasjonsbelte, har gått ut pga. manglende fjerning av ammeplantar. Gang- og sykkelvegen som er foreslått truar heile denne delen av parken, og som vi veit er sårbar i dag.

Salting på gangvegane i alléane er ikke tillate då dette kan gje saltskadar på vegetasjonen.


Trepleie skal utførast av sertifiserte fagfolk; skjering, forming og dels fornying. Alle inngrep i grunnen er søknadspliktige, unntakse i asfalt- og oljegrusareala.

Generelle skjøtselsreglar:

Det skal ikke gravast / utsjaktast i rotsona til trea. Utstrekninga til rotsona svarar til minimum treet sin kronediameter. For å unngå komprimeringsskadar må bruk av tunge anleggsmaskiner og annankjøring ikke skje i rotsona.

Plenane må framleis ha fagmessig skjøtsel med stor vekt på å forhindre skader på tre / busker. Påkørsler / skraping i rothals på tre / busker med klipparar kan gje store skader på sikt (råteinngang) og må unngåast.

Det er ikkje lov å bruke tunge maskiner på vassmetta grunn noko som kan medføre endringar av jordstruktur, pakking og skadar av plen.



Figur 11: Dagens Park- stipla verneområde

Sjukehusparken ved Førde Sentralsjukehus Helse Førde HF

Helse Førde ønskjer å tilbakeføre anlegget ytterlegare til opphavleg planteplan. Dette vil krevje ein del nyplanting. Med dagens utgangspunkt og planar for nye bygg er det særleg viktig å bevare det tidstypiske i denne parken mot det som kjem til av nye parkområde ved utvidinga.

Eit hovudprinsipp er at kulturmiljøet skal behalde, eventuelt få tydeleggjort, sin karakter. Dette inneber at det må utvisast varsemd og bevisst omsyn til kva tiltak og endringar som kan setjast i verk.

Planar – framtidige tiltak

Freding etter forskrift har som føremål å sikre og ta vare på eit representativt utval kulturminne i form av byggverk og anlegg. Fredinga skal bidra til å sikre at arkitektoniske eller kulturhistoriske verdiar ved byggverka og anlegga vert bevart. Fredinga skal sikre at byggverka og anlegga si innbyrdes samanheng vert ivaretakne og at uteområda vert tekne vare på. Fredinga skal også ivareta at den funksjonelle og visuelle samanhengen med dei frelsa kompleksa vert oppretthalde.

Universell utforming

Sjukehuset er pålagt å arbeide for universell utforming. Vegane / stiane i parken er no tilrettelagt for rullestolar, og med nytt dekke. Lyssystem er restaurert.



Helse Førde har fått ansvaret for å forvalte denne parken på samfunnet sine vegner. Kvaliteten må målast på at folk opplever parken som ein roleg og flott stad, og at den vert nytta av mange.

Parken har vore forsømt mykje gjennom fleire tiår. Vi må gjere denne jobben betre dei komande tiåra, men då må ikkje rammevilkåra bli øydelagde.